

RUNE LEKVEN SKÅR
ÅDLANDSVEGEN 905
5919 FREKHAUG

Dato	31.05.2022
Vår referanse	2022/51259-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggegrense - ny bygning - fv. 5310 - gnr 338 bnr 62 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 10.04.2022 og revidert situasjonskart tilsendt 06.05.2022.

Saka gjeld


Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa for å bygge ein einebustad med ein utleigeleilegheit. Det er sendt inn dokumentasjon for avkøyrsløype for eigedomen.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5310 Ådlandsvegen for å etablere ein einebustad med utleigeleilegheit på gnr. 388 bnr. 62 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera plassert i samsvar med situasjonsplanen under.



2. Avstanden frå bygningen (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5310 Ådlandsvegen skal vera minst 30 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrsløype må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.

5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5310.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 500. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse 4 – *Lokalveg* (andre lokale funksjonar).

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi dispensasjon frå byggegrense for tiltaket som det er søkt om.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 **situasjonskart 338 62 Alver.PNG**

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4